



Kyrkja i Sogndal er ein aktiv arbeidsplass med engasjerte tilsette. Til saman utgjer staben 16 fellesrådstilsette, 4 prestestillingar og 1 prost. Me arbeider aktivt med å utvikle og forbetre oss, og vil i den samanhengen gjerne ha DEG med på laget!

Ledig stilling

KANTOR/ORGANIST/KYRKJEMUSIKAR I BALESTRAND

30 % deltid, fast stilling, ledig frå 1. april 2025.

Det er ledig 30 prosent fast stilling som kantor / organist/ kyrkjemusikar i Balestrand sokn for snarleg tilsetjing.

Stillinga har Sogndal kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar, og vil ha hovudarbeidsstad i Balestrand sokn: Tjugum kyrkje, Sæle kyrkje og Kvamsøy kyrkje. I tillegg kan det påreknast enkelte tenester i St. Olafs kyrkje og nokre andre gudstenestestader, også utandørs. Stillinga får ansvar for det kyrkjemusikalske arbeidet i Balestrand sokn.

Kyrkjer og instrument i Balestrand

- Tjugum kyrkje (1853): Mekanisk Olsen & Jørgensen pipeorgel frå 1905 med 11 stemmer og eit lite Hofmann & Czerny flygel frå 1933. Restaurering av orgelet er under planlegging. Hovudkyrkja i soknet med ca. 25 gudstenester i året.
- Sæle kyrkje (1903): Allen digitalt orgel og el-piano. 10-11 gudstenester i året.
- Kvamsøy kyrkje (ca. 1275)– harmonium/trøorgel. Eit par gudstenester i året.
- St. Olafs kyrkje (1897) – el-piano og eit eldre harmonium. Nokre tenester i året.

Me søker etter ein person med relevant musikkutdanning og gjerne erfaring frå kyrkjemusikalsk arbeid, med gode kvalifikasjonar i orgel- og pianospel.

Ved tilsetjing vil også personlege eigenskapar som evne til samarbeid, organisering og god kommunikasjon bli vektlagde.

Arbeidsoppgåver

- Førebu og gjennomføre det musikalske knytt til gudstenester, gravferder og vigslar: Kyrkjelydssong, musikkformidling, involvering og rådgjeving.
- Ansvar for kyrkjelyden sin julekonsert og ev. andre konsertar.
- Kyrkjemusikalsk medverknad i trusopplæring, institusjonsandaktar og anna aktivitet i kyrkjelyden.
- Tilsyn med instrument.
- Samarbeid med andre tilsette og eksisterande musikkmiljø.

Me kan tilby:

- Løns -og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande tariffavtalar og regelverk innanfor kyrkjeleg sektor
- Pensjons- og forsikringsordning gjennom KLP

Det vert kravd medlemskap i Den norske kyrkja. Politiattest må leggest fram ved tilsetjing. Søkjar må disponere eigen bil. Køyregodtgjersle i samsvar med gjeldande regulativ. Kvelds- , helge- og høgtidsarbeid må reknast med. Søkjar må kunne norsk skriftleg og munnleg, eventuelt andre skandinaviske språk.

For nærare informasjon om stillinga , kontakt Sogndal kyrkjekontor ved kyrkjeverje på telefon 57 67 99 85.

SØKNADSRIST: 25. mars 2025.

Dersom søker ynskjer å reservere seg mot oppføring på offentlig søkerliste, må dette grunngjevast. Opplysningar kan verte offentleggjorde sjølv om ein har bede om ikkje å verte oppført på søkerlista, men søker vil verte varsla dersom ynsket om reservasjon ikkje vert teke til følge.

Skriftleg søknad sendast til:

Sogndal kyrkjelege fellesråd
v/ Administrasjonsutvalet
Postboks 180
6851 SOGNDAL

Send gjerne via e-post: JH449@kyrkja.no